

## Referat campusmøte Sogndal

**Dato:** 30.05.2023

**Tid:** Kl. 9.30-11.30

**Stad:** Møterom 2020 Keiserinna, Høgskulebygget, digitalt for observatørar

Deltakarar:

Medlemmer: Osvald Lykkebø (leiar, for Sigurd Sandvold), Helene Maristuen (nestleiar), Sandra Opheim (FHS), Deta Gasser (FIN), Grete Netteland (FØS), Frode Fretland (FLKI), Chris Kenneth Gudmundson (studentrepresentant), Tone Skjerdal (samfunnskontakt og sekretær)

Forfall: Adelheid Kristiansen Breidvik og Tore Frimanslund

Observatørar (digitalt): Monica Wammen Nortvedt og John Tveit

### Sakliste

Sak	Tittel	Ansvarleg
5/23	Godkjenning av innkalling og sakliste	Møteleiar
6/23	Søkjartal campus Sogndal	Møteleiar
7/23	Fagleg leiarforum	Samfunnskontakt
8/23	Campusutviklingsprosjektet. Prioriterte område for oppfølging	Møteleiar
9/23	Eventuelt	Møteleiar

### 5/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkallinga er utsend 19.5.23. [Referat frå 8.2.23](#) er godkjent på sirkulasjon.

#### Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

## 6/23 Søkjartal campus Sogndal

### Vurderingar

#### FLKI

Det er generelt nedgang i søkjartala for bachelorprogramma, trass i at ein har gjort endringar i studieprogramma som ein vona ville gje positivt resultat. Studieretninga Idrett, trening og prestasjon (nytt namn) har auke. Nedgangen inneber at ein må vera forsiktig med tilsetjingar.

Når det er nedgang i søkjartal på lærarutdanningane òg i Bergen, får det konsekvensar i Sogndal. I faste stillingar tilset FLKI berre førstekompetente, og det har ein ikkje fått tak i Sogndal. Dei mellombelse tilsette, forsvinn no, og det er bekymringsfullt for fagdidaktisk miljø i Sogndal. Institutta har stor autonomi, og heilskapen for campus har lite fokus.

God søknad på vidareutdanningane for lærarar, og generelt på fleksible/deltidsstudium (til dømes barnehagelærar deltid).

#### FHS:

Klår nedgang i søkjartala, unntaket er vernepleie deltid. Bør utvikla deltidstudium i sosialt arbeid og barnevern. I utdanningane med skikkavurdering er det nødvendig med fysiske samlingar òg på deltidstudium. Det er vorte krav om masterutdanning for barnevernet, og det vert jobba med å få master i Sogndal frå 2024. Dette er viktig for å sikra bachelorutdanningane sidan studentane må vita at dei kan ta heile løpet sitt her. Det er eit spørsmål om kravet til master i barnevernet vil medføra nedgang i søkjartala.

#### FØS:

Nedgang på dei fleste bachelorutdanningane og årsstudia. Det er auke i søkjarar på master i Master of Science in Business. Når ein ikkje kan tilsetja folk fast utan at dei har førstekompetanse, vert det mange mellombels tilsette. Det kan føra til at undervisninga samla sett vert dårlegare, noko som igjen påverkar søkjartala.

#### FIN:

Tre bachelorutdanningar som har bra søkjartal, berre fornybar energi har gått litt ned. Master i Climate Change Management er meir usikker sidan det er innført skulepengar for studentar utanfor EU/EØS. Skal ein då leggja om studieprogrammet slik at det rettar seg mot Europa i staden for heile verda, sjølv om det strir mot grunntanken ein hadde med programmet?

### Generelle problemstillingar:

- Fleksible studium (deltid, samlingsbasert, nettbasert) rekrutterer betre enn heiltidsstudium på campus. Kan ein utvikla fleire tilbod som treffer desse søkjarane? Kven søker på deltidsutdanning og heiltidsutdanning? Er det ulike søkjarar, eller er dei overlappende?
- Digital undervisning er generelt ikkje ønskt av campusstudenten. I nokre tilfelle får campusstudenten likevel digital undervisning, gjerne saman med studentar som berre er på nettet. Korleis ein greier å få gode løysingar i praksis? Denne problemstillinga gjeld òg heiltidsstudentar.
- Kan årsstudium generera meir aktivitet? Kven er søkjarar på årsstudium, og kva gjer dei etterpå? Årsstudium må vera starten på ei gradsutdanning, slik at studentane kan søkja innpass viss dei ynskjer det. Årsstudium tema i eige campusmøte?
- Kva vert gjort når det gjeld profilering og studentrekruttering til campus Sogndal?

### Vedtak:

Saka vert teken til orientering.

### 7/23 Fagleg leiarforum

Tone Skjerdal orienterte. Innspel frå campusmøtet om at leiarforumet er nyttig for å diskutera problemstillingar som ein har få arenaer for å diskutera i fakulteta. Sidan førre campusmøte har ein mellom anna diskutera korleis campusmøtet kan følgja opp campusutviklingsprosjektet. Det vart stilt spørsmål ved om det bør vera ei formell kopling mellom campusmøtet og fagleg leiarforum.

### Vedtak:

Samanhengen mellom campusmøtet og fagleg leiarforum vert sak på eit seinare møte.

### 8/23 Campusutviklingsprosjektet. Prioriterte område for oppfølging

Osvald innleidde med å spørja korleis campusutviklingsrapportane er diskutert i fakulteta. Korleis få aksept for å setja av ressursar til tiltak på campusane? Prodekanane for regional utvikling er godt involvert i campusmøta, og tek sakene attende til fakulteta når det kjem konkrete forslag på bordet.

### Forslag til prioriterte område og tiltak:

- Leggja til rette for fleire sosiale og fysiske møteplassar på campus. Bruka gamle Guridalsbygget til studentaktivitetar.

- Aktiv læring
  - Etablere ei arbeidsgruppe som skal laga møteplassar på tvers av fakultet for erfaringsdeling og formidling av fagleg arbeid
  - Skapa eit læringsareal for aktiv læring, til dømes kommunikativ ferdighetstrening og andre former for aktiv læring. Forslag om Guristova, 3. etasje eller eit rom i Fossbygget. Det er avsett egne midlar til dette i ADU, og FLKI har sett av midlar. Be om igangsetjing av dette
- Samarbeid for berekraftig Sogn – tverrfakultært emne (15 studiepoeng). Dersom ein skal få dette som eit varig tiltak, må det setjast av midlar på dei andre fakulteta (i tillegg til FLKI), og avklara kvar det skal liggja i studieporteføljen. Piloten er dekkja av prosjektmidlar.
- Administrativ modell for tverrfakultært samarbeid. Korleis leggja til rette for at ein kan bruka fagfolka på tvers av fakulteta, ikkje berre når det gjeld undervisning.
- Etablere ein møteplass der ein presenterer studieprogramma for kvarandre, med mål om større bruk av studieprogram og emne på tvers av fakulteta.
- Internasjonalisering: Etablere gruppe på tvers av fakulteta for å styrka arbeidet
- Nettverk for desentralisert og fleksibel utdanning
- Engasjerte studentar: Korleis få større aktivitet inn i studentgruppa. Studentorganisasjonar er god inngang til dette.
- Merkevarerbygging, profil. Invitera kommunikasjonsavdelinga med på neste campusmøte.

#### Vedtak:

1. Profilering og studentrekruttering til campus Sogndal vert tema i neste møte, og avdeling for kommunikasjon vert invitert med.
2. Desse områda/tiltaka i campusutviklingsrapporten vert prioriterte (tekst i kursiv er sitat frå campusutviklingsrapporten):

*Tverrfakultær satsing på det gode student-, arbeids- og læringsmiljøet og samarbeid med nærings- og arbeidsliv og Infrastruktur og læringsfasilitetar som forsterkande element*

Aktiv læring som tverrfakultær satsing

- Tiltak: Skapa læringsareal for aktiv læring og nye undervisningsformer. Fakulteta vert spurde om å stilla med ein representant til arbeidsgruppe, og ADU vert spurt om å følgja opp saka.

- Tiltak: Etablere felles gruppe på tvers av fakultet og administrasjon for «aktiv læring». Fakulteta og biblioteket vert spurde om å stilla med representant til gruppe.

*Styrka og vidareutvikla samarbeidsrelasjonane med samfunns- og arbeidslivet*

- Tiltak: Etablere det tverrfakulære emnet med arbeidstittel Samskaping og innovasjon for berekraftig utvikling (15 studiepoeng). Fakulteta vert utfordra på å integrera det i studieprogramma og bidra med ressursar etter pilotperioden.

Andre område for oppfølging

- Internasjonalisering: *Profilere campus Sogndal som ein internasjonal campus. Setje ned arbeidsgruppe på tvers av fakultet, administrasjon/teknisk/bibliotek, Saman og andre for å utvikle og fyller profilen med innhald*
- Fleksible utdanningar: *Skape nye studietilbod på tvers av fakulteta - Erfaringsdele og utvikle fleksible undervisningsmodellar på tvers av fagmiljø*
- *Skape nye møteplassar for studentar, som til dømes linjeforeiningar, og møteplassar mellom studentar, fagtilsette og lokalmiljøet*
  - Ta i bruk gamle Guridalsbygget til studentaktivitetar

## 9/23 Eventuelt

Ingen saker.